

ANNONSE



ANNONSE

## Slipp dataen fri i sommer!

Nå får du som er under 29 år ubegrenset data til kun **399 kr/mdl.**

Sommer-  
kampanje

[Les mer](#)

[BUSTAD OG EIGEDOM](#) [LUSTER](#) [SKJOLDEN](#) [INNBYGGJARAR](#)

# Her kan du prøvebu på Skjolden: - Det er kø for å få kjøpt slike hus



**NYTT HUS I BYGDA:** Anne Marie Bolstad i bygdalaget og tilflyttarkoordinator Torill Bye Wilhelmsen vil tilby dette huset til dei som vil testa bygdelivet frå hausten av. Foto: Privat

Av [Renate Sæle](#)

Publisert: 05.07.22 05:30 ▾

[Del](#)

Kvifor rulla det eit minihus over Sognefjellet frå Oslo fredag?

- Dukkar det opp nokon som er interesserte, håpar me dei kan prøvebu her frå hausten av.

Eit lite, grått mikrohus blei fredag køyrt frå hovudstaden til Skjolden. Der blei det ynskt varmt velkommen av Torill Bye Wilhelmsen, som sjølv bur i ei hytte på Skjolden saman med familien. Dei har nyleg blitt heiltidsinnbyggjarar etter å ha hatt Skjolden som feriestad i fire år.

### Høg standard

- Eg dreiv gründerfellesskap i Vågå sidan 2016. Der har tilreisande kome på arbeidsopphald frå ulike stader i verda. Men det er forferdeleg vanskeleg å finna bustader. Nokon budde i bilar, andre i hytte eller anneks i hagane til folk.

Ein moderne bustad med høg standard, kan vera det som skal til for å lokka nokon til eit eventyrlig år på Skjolden. Wilhelmsen er biten av mikrohusbasillen og vil gjerne at andre skal få testa korleis det er å bu i bygda inst i Sognefjorden.



- Det er kø for å få kjøpt slike hus og produsenten har nådd maks kapasitet. No dukka det opp eit som er ledig og eg håpar me kan få nokon til å prøvebu frå hausten av.

### Kjapt levert av kommunen

Ho har sjølv ikkje sett huset før, men antek at det fort kan bli ein attraksjon. Framover skal det stå på ei tomt bak skulen i bygda og skal leigast ut til turistar, for å få finansiert transporten til Skjolden. Men frå hausten av ligg det til rette for prøvebuing i mikrohuset.

- Me fann først ei plassering, men der kunne me ikkje kopla til straum. Etter superrask sakshandsaming frå kommunen, fekk me plassera det på ei communal tomt. Me er takksame for at det blei ordna raskt, elles måtte me sagt frå oss huset, seier ho.

I sommar har ho planar om å leiga ut huset til turistar, for å finansiera transporten til Skjolden. Men frå hausten av ligg det til rette for prøvebuing.





KØYRT TIL SKJOLDEN: Skjolden har fått eit nybygg av denne typen. Foto: Privat

## Oversikt over bustader

– Me tykkjer det er kjempeflott å ha ein variasjon i bustader, det er litt ulikt kva folk ynskjer når dei skal prøvebu, seier Anne Marie Bolstad i Skjolden bygdalag.

Ho vil gjerne at fleire skal få augo opp for Skjolden. Bygdalaget har fått midlar frå kommunen til prosjektet. Denne sommaren jobbar difor Wilhelmsen med prosjektet, som ein tilflyttingskoordinator.

I tillegg til mikrohuset, prøver Bolstad og bygdalaget å ha oversikt over kva som finst av ledige bustader, slik at dei veit kva dei kan tilby potensielle tilflyttarar.

– Torill sine tankar er spennande, det er flott å prøva noko nytt. Det er ikkje berre- berre å koma til ei ny bygd, seier Bolstad.

Les meir om: [Bustad og eigedom](#) [Luster](#) [Skjolden](#) [Innbyggjarar](#)



Sjå kommentarar

Fleire saker

Gå til forsida



Tindevegen skal moderniserast med nye bommar - har ikkje sett ny pris endå



Utanlandske morellar vart selde som om dei var norske i Flåm - no er salsbuene sporlaust forsvunne



Skade på ferjehamnen sette sambandet ut av spel



Frækaland legg ned etter 32 år: - Eg er forbi stadtet der det var tuske og seigt



Her kan du prøvebu på Skjolden: - Det er kø for å få kjøpt slike hus

## Kommentarer til denne saken

Eldste

Nyeste

Populære



[Debattregler](#)

Du skriver som: **Torill Bye Wilhelmsen**

**Kommenter**

[Til toppen](#)

# Sogn Avis

Ansvarleg redaktør: [Arve Uglum](#) • Adresse: Riverdalen 5, 6863 Leikanger • Sentralbord: 57 65 60 00 • [Personvernpolicy / Informasjonskapsler](#)  
• [Redaktørplakaten](#) • Utgitt av AS Sogningen/Sogns Avis

Sogn Avis © 2022

